

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 11.02.2019**

### **Handsaming i møtet**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune, Hogne Haktorson, orienterte om prosessen i høve budsjett for «kontrollarbeidet» i 2020 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Orienteringa vart gjeve i felles videomøte mellom kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Etter denne orienteringa handsama kontrollutvala saka kvar for seg.

I samband med vurderinga av kor møta i kontrollutvalet bør leggjast i det nye fylket, kor mange møter som skal haldast, kor mange medlemmer kontrollutvalet bør ha og om det skal vera fysiske møte eller videomøter må også klimaperspektivet takast med som ein del av grunnlaget ved utarbeiding av forslag til budsjett. Gjerne differensiere budsjettet i høve dette.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune vert på bakgrunn av det som kjem fram i møtet beden om å leggje fram forslag til budsjett for kontrollutvalet for 2020 til møte som skal haldast 06.05.2019.